



FJALER KOMMUNE

*-eit ope samfunn*

# Frivilligstrategi

## Fjaler kommune



September 2025

# Dei 10 frivilligpolitiske bod

Fjaler kommune ønskjer å etterleve dei 10 frivilligpolitiske bod utarbeida av Frivillighet Norge, så langt det let seg gjere:

1. Kjenn frivilligheita i kommunen din.
2. Vedta ein tverrsektoriell kommunal frivilligpolitikk.
3. Anerkjenn frivilligheita sin eigenverdi.
4. Forenkling gir meir frivilligheit.
5. Tilrettelegge for frivilligheita si eigenutvikling.
6. Skap dialog med frivilligheit.
7. Anerkjenn og støtt opp om frivilligheita sin meirverdi.
8. Gi frie midlar.
9. Ikkje konkurrer med frivilligheita.
10. Skap føreseielege vilkår for frivilligheita.





Foto: David Zadig



## Krafta i frivillig arbeid

Drivkrafta i frivillig arbeid er kvar enkelt person si glede ved å gjere noko for sitt sosiale nettverket, sitt nærområde eller si hjartesak.

Det er dei frivillige sjølve som avgjer kva aktivitet dei bidreg med og omfanget av denne. Frivillig engasjement og dugnadsinnsats er i seg sjølv eit gode, og bidreg til livskvalitet for dei som bur i kommunen.

Frivillig innsats er viktig for å nå overordna, felles samfunnsmål og for å ta vare på viktige verdiar i samfunnet.



# Kva gjer vi i dag ?

- Fjaler har eit rikt organisasjonsliv med mange frivillige som bidreg til aktivitet i heile kommunen. September 2025 er det **84 registrerte organisasjonar** i foreiningsportalen vår.
- Fjaler foreningsportal sin aktivitetskalender er **open** slik at alle organisasjonar kan legge ut sin aktivitet i kalenderen.
- **Kommunen driftar i samarbeid infoskjermene** på Grytøyra, i Korssund på Samvirket og i Flekke. Skjermene kan brukast til å legge ut informasjon frå både kommunen og frivillige.
- Frivilligsentral i 100 % stilling som er **kontaktpunktet mellom kommunen og frivilligheita** og driftar BUA og volontørtjenesta.
- Møteplass på Samvirket (gratis utlån til opne arrangement).
- Fjaler kommune er eigar av Guddal Skule og Straumsnes Grendehus som bygdene kan bruke til sin aktivitet. Kommunen gir 40 000,- i **årleg driftsstøtte** til Straumsnes Grendehus og driftar Guddal Skule.
- Fjaler kommune er representant i Fjaler Idrettsråd.
- Fjaler kommune arrangerer årlege møter med lag og organisasjonar.



# Mål for arbeidet

## **Halde på og utvikle frivilligsentralen som bindeleddet mellom kommunen og frivillig sektor**

- ha jamnlige møte i frivilligsentralen si ressursgruppe, minimum to gonger årleg.
- Utarbeide mandat for ressursgruppa.
- Arrangere årleg møte med frivillige lag og organisasjonar
- Arrangere årleg innbyggartreff saman med frivillige

## **Vidareutvikle og bruke Fjaler foreningsportal**

- informere og ha opplæring for frivillige lag og organisasjonar i bruk av foreningsportal, t.d på årlege møte.
- Evaluere og utvikle eigen bruk av foreningsportalen

## **Fjaler kommune vil bli betre på informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommunen**

- Bruke dei ulike møtefora til informasjon
- Sende nyheitsbrev/informasjon til frivillige lag og organisasjonar
- Bli betre å bruke eigen sider til å informere på, t.d. om transport, serviceskyss, aktivitetar, støtteordningar.
- Arrangere årlege møte med grendalaga i kommunen
- Samarbeide med Nyttå for å bygge sterkare relasjonar mellom aktørar i næringslivet, kommunen og frivillige organisasjonar

## **Fjaler kommune vil ha gode retningslinjer for eigne lokale**

- skal tilby universelt utforma lokale for aktivitet/frivillig verksemd gratis eller så rimeleg som råd til lag og organisasjonar
- utvikle retningslinjer for lån av kommunalt eigde bygg
- Utvikle Samvirket for alle aldersgrupper

## **Følgje opp samarbeidsplanen med Fjaler Idrettsråd**

## **Jobbe med transport og nye skyssordningar**

## **Fjaler kommune skal synleggjere dei satsingsområde dei ønskjer å skape meir aktivitet på.**

- Kommunale avdelingar går årleg gjennom sitt arbeidsområde for å kartlegge behov og kome med døme på kvar frivillige kan kome inn med tilbod og aktivitetar. Behovet må synleggjerast for dei frivillige.
- Fjaler kommune definerer frivilligkontakter/koordinatorar på dei ulike avdelingane. Frivilligkontaktene skal ha eit fellesmøte i året.
- Kartlegge behov for frivilligheit blant innbygarane, t.d eldre

# Årshjul

Delmål	Tiltak: Dette gjer vi i 2026	Ansvarleg
Halde på og utvikle frivilligsentralen som bindeleddet mellom kommunen og frivillig sektor	<b>Januar</b> Møte med ressursgruppa til Frivilligsentralen Utarbeide forslag til mandat til dette møtet.  Samarbeidsmøte med Nyttå for å koordinere samarbeid med frivillige	Frivilligsentralen  Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
	<b>Februar</b> Møte med frivillige lag og org.	Frivilligsentralen
Fjaler kommune vil bli betre på informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommunen	<b>Mars</b> Møte med Grendalaga – ute i grendene (ordførar – Nyttå – kommunalsjef kultur/samfunnsutvikling)	Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
Vidareutvikle og bruke Fjaler foreningsportal  Fjaler kommune vil bli betre på informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommunen	<b>Juni</b> Intern evaluering av informasjonsarbeidet inkludert heimesider.  Sende ut informasjons/nyheitsbrev  <b>August</b> Samarbeidsmøte med Nyttå for å koordinere samarbeid med frivillige	Folkehelsekoodinator  Folkehelsekoodinator  Kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling
Halde på og utvikle frivilligsentralen som bindeleddet mellom kommunen og frivillig sektor	<b>September</b> Årleg innbyggartreff – bli kjent, vise fram fritid.  Møte med ressursgruppa til Frivilligsentralen	Ansvarleg: Kommunalsjef kultur- og samfunnsutvikling og ordførar  Frivilligsentralen
Fjaler kommune vil ha gode retningslinjer for eigne lokale	Evaluere og oppdatere vilkår for utlån av kommunalt eigde bygg	Kommunalsjef kultur- og samfunnsutvikling
Fjaler kommune skal synleggjere dei satsingsområde dei ønskjer å skape meir aktivitet på	Einingane definere sine område med ønske om frivillig aktivitet.	Leiargruppa

# Årshjul

Delmål	Tiltak: Dette gjer vi i 2026	Ansvarleg
Fjaler kommune vil bli betre på informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommunen	<b>Oktober</b> Intern evaluering av informasjonsarbeidet.	Folkehelsekoordinator
Følgje opp samarbeidsplanen med Fjaler Idrettsråd	Gå gjennom samarbeidsplan med Fjaler Idrettsråd	Kommunalsjef kultur og samfunnsutvikling
Fjaler kommune vil bli betre på informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommunen	<b>Desember</b> Sende ut informasjons/nyhetsbrev	Folkehelsekoordinator

## Økonomi

Kommunen har i dag ikkje kulturmidlar som lag og organisasjonar kan søke på.

Vi er heldige som har fleire gode støtteordningar som deler ut gåver til allmennyttige formål til mange frivillige og kommunale tiltak. Kommunen kan bli betre på å informere om, og rettleie innan desse.

Tiltak, framdrift og andre økonomiske og administrative konsekvensar av frivilligpolitikken skal avklarast i årlege budsjett/handlingsplanar og i økonomiplanen.

